

NYE RO- OG SEGLBÅTAR FOR SAL

PRISLISTE 2020



STRANDEBARMAR

I bygginga av denne båttypen har me prøvd å fanga inn byggjetekniske og formmessige trekk som er karakteristiske for færingane rett før krigen. Båtane vert bygde med 4 eller 5 bordgangar. Festemidla er av galvanisert jarnsaum og furunaglar. Båtane har midtbete, fast framtofte, lange esingar og nauarong mot stammen. I bordsuene vert det nytta tjøre og hamp. Denne båttypen ber med seg dei gamle byggetrekka samstundes som dei er tilpassa nye marknader som fritids- og lystbruk.

For år 2020 gjeld følgjande prisar inkl. mva. for strandebarmar færing:

Skrogferdig ubehandla	104 000,-
Sjøklar båt, tjørebehandla	125 000,-
Ekstra for koparsaum: 3600,-	
Ekstra for einernaglar: 4200,-	

HARDANGERBÅTEN

I bygginga av desse båtane har me som hovudmål å fanga inn byggjeteknikk og materialbruk frå dei gamle båtane i fjorden. Desse båtane har trekk som forsvann framover på 1900-talet.

Me har teke utgangspunkt i oppmalte småbåtar frå indre Hardanger. Båtane vert såleis bygde med hogde halsar, kan på stammen og jarnsaum med firkantro. Dei heilvaksne banda, betane og rengene av furu er festa med trenaglar. Siet me nyttar er laga med ei blanding av kuhår og saueull.

For år 2020 gjeld følgjande prisar inkl. mva. for hardangerbåt:

Skrogferdig (ubehandla)		Sjøklar (ferdig tjørebreidd)
Færing	150 000,-	170 000,-
Seksæring	205 000,-	230 000,-
Åttæring	350 000,-	375 000,-
Tiæring	520 000,-	550 000,-

Alle prisar er inkl. mva levert Norheimsund. Med båtane følgjer fullt sett årer, tiljer, tofter og ausekar. Tradisjonell rigg vert levert etter avtale. Me byggjer óg båtar etter kunden sine eigne spesifikasjonar. Kontakt oss for nærare informasjon. Med atterhald om prisauke og feil.

Vi tilbyr óg andre båttypar, kurs, demonstrasjon og formidling av båtbyggjarhandverket.

Les meir på www.strandebarmar.no

Kontakt båtbyggjar Peter Helland-Hansen for tilbod:

Mobil 480 62 449 / e-post peter.helland.hansen@bvm.museum.no